

VENELAGET OLAV H. HAUGE

Medlemshefte for Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999

Juni 2017

Innhald i dette nummeret:

Leiaren har ordet	2
Skin - ei tolking	3
Diktaren med to heimar	5
Frå «mørkemann» til kultfigur og humorist	10
Olav H. Hauge? I dag?	17
Diktet «Eg hogg ned den store apalen utfor glaset»	20
Spelemannen Knut Hamre: Eg er Olav evig takksam	23
Olav H. Hauge på Facebook	27
Nokre ord um Sivle	28
Diktarheimen	30
Bitar frå dagboka	31
Styret og kontaktadresser	32



LEIAREN HAR ORDET

Den globale diktaren – ein poetisk utanriksrekneskap

Mange har merkt seg at Olav H. Hauge var så internasjonal. Han omsette dikt frå mange land. I dagbøkene er det vidare mange prov på at han fylgde med i litteratur og tankar om poesi og forfattarskap ute i den store verda. Det er rett og slett imponerende at ein gartnerar frå ei lita bygd mellom høge fjell kunne sjå så vidt og langt ut og ha meiningar om litteratur og tankeliv langt vekk.

Det som vidare er imponerende er at ein norsk lyrikar som skriv på sitt nynorsk frå Ulvik ikkje berre når så vidt ut i Noreg, men at lesarkrinsen ikkje stoppar ved norgesgrensa, men han vert omsett til mange framande språk. På Haugesenteret er det ei oppdatert liste over omsetjingar av Hauge til framande språk. Den syner at Hauge er omsett til heile 24 språk. Lista over språk er: Arabisk, bengali, bulgarsk, dansk, engelsk, finsk, fransk, færøysk, hebraisk, hindi, islandsk, italiensk, kinesisk, koreansk, nederlandsk, russisk, serbisk, slovensk, spansk, svensk, tsjekkisk, tysk, ungarsk og ukrainsk. Så Hauges dikt har vorte eksporterte til 24 språk. Det er òg omsett delar av dagboka.

Lista over språk han omsette til norsk er av naturlege grunnar ikkje så lang som lista over språk som Hauge er omsett til, men det er ganske imponerende at den sjølvlarde

gartnaren omsette tekstar frå dei tre verdspråka engelsk, tysk og fransk.

Lista over forfattarar som er med i boka Dikt i umsetjing (Det Norske Samlaget, 2001) er lang, på heile 26 namn. Lista er: Friedrich Hölderlin, William Blake, Alfred Tennyson, Robert Browning, Stéphane Mallarmé, Paul Verlaine, Arthur Rimbaud, William Butler Yeats, Stephen Crane, Carl Sandburg, T. H. Hulme, D. H. Lawrence, Oscar Loerke, Georg Trakl, Georg Heym, Alfred Lichtenstein, Bertholt Brecht, Francis Ponge, Henri Michaux, René Char, Robinson Jeffers, Kenneth Rexroth, Robert Bly, Etheridge Knight, Sylvia Plath, Paul Celan og Johannes Bobrowski. Ingen frå dei nordiske språka.

Venelaget freistar å gi medlemmene her i Noreg eit fellesskap med arrangement, Venelagsheftet, heimesida og Facebook. På Facebook kjem det frå haugekjennaren Jackson Crawford i USA nær eitt dagleg Hauge-dikt. Det gir ein ekstra dimensjon å kjenna på dei globale sidene ved Hauges diktning. Om nokon av dykk kjenner til nye sider ved dei internasjonale sidene ved Hauge, så er de velkomne til å koma med det her til Venelagsheftet eller på annan måte.

*Helsing
Olav Ljones
ola-lj@online.no*

DET UFORSTÅELIGE SKIN



Trygve Skanding.

Jeg leste med interesse det min gamle venn Willy Dahl skrev om sin daglige lesning av Hauge-dikt i desembernummeret. Jeg festet meg med at diktet «Skin» er et av de han (og Bjarte Birkeland) ikke «forstår». Det tok jeg som en utfordring, og jeg fant ganske fort min egen tolkning/lesning. Jeg send-

SKIN - EI LØYSING?

Min gode ven, Willy Dahl, stakk nyleg til meg eit eksemplar av medlemsheftet. Han meiner vel at eg, som gammal litteraturvitar, i høg grad ikkje praktiserande og «hev vore», har godt av det, og det har han heilt rett i.

Sjølvsagt las eg kva han skreiv i bladet, og eg vart nyfiken når den lærde karen seier at det er eit Hauge-dikt (Skin) han ikkje vert heilt klok på, det er eit som «glapp» for han, for å nytte diktet sitt eige ord. Difor la eg sjølvsagt inn eit ekstra gir når eg las, og utan særleg strev opna diktet seg for meg. Er det ei slags løysing eg har sett? I alle fall er det ei nærlesing og ei tolking, som

te Willy en skisse, og han aksepterte den straks (med et oppmuntrende «bravo») - og foreslo at jeg skulle sende den til bladet.

Om min lesning av diktet er en løsning, vet jeg ikke, men kanskje den kan være et stykke felles vei til å forstå diktet bedre.

Diktanalyse er det dessverre blitt lite av for mitt vedkommende. Men magistergraden i litteraturvitenskap fra 1975 (UiB) har jeg hatt glede av, det var en flott tid hos de to foregangsmennene i litteraturfaget, Atle Kittang og Asbjørn Aarseth. Det ble bare et halvår som vikar i skolen - med mye diktanalyse! - før jeg havnet i media, som kulturjournalist og anmelder. Mange år som informasjonssjef i Statoil, og siden rådgiver ved Senter for nye medier på Høgskolen i Bergen ga andre utfordringer.

Willy har jeg dessverre ikke hatt som lærer, men vi har hatt mange gode faglige diskusjoner privat. Derfor var det kjekt å løse Skin for ham...

*Vennlig hilsen
Trygve Skanding*

eg vonar kan ha noko for seg. I så fall skal diktet sjølv ha største æra for det, det er eit spanande og flott dikt!

Til lesinga: Eg kjenner lite til Hauge si haldning til religion. Eg har forstått at han hadde langvarig interesse for åndelege ting, han var mellom anna ein beundrar av dikteren Alf Larsen, men dette og anna kjennskap til Hauge sin biografi var ikkje viktig for mi nærlesing av diktet.

Eg tok fyrst vekk nøkkelordet «skin» i heile teksten, og han vart då enklare og meir direkte. Med utgangspunkt i eit par andre nøkkelord tolka eg teksten som eit dikt om ei åndeleg oppleving om tru og tvil, om ei

nattleg openberring som «glapp». Det var noko dikteren opplevde at han ikkje fekk ta del i, eg kom jamvel litt i tankar om eit vårt dikt av Ivar Aasen som fortel om kjærleiken han aldri fekk.

I Hauge sitt dikt får vi vite at dikteren «... fær aldri vita det att». Han skjønar at det var noko verdfullt og stort han opplevde, det var «gull» som «klang» – ei openberring – men det nådde ikkje heilt fram til han. Han har forstått kva det var, men det var noko så stort og vanskeleg at han trekte seg attende, og i etterkant er han «sæl» for at han slapp «å tala» om det og stå fram...

At det er ei åndeleg oppleving, meiner eg ligg gøymt i orda «sæl», «gull» og «klang», og sjølv sagt i sjølv hovudordet, «skin». I skildringar av det guddommelege høyrer vi ofte om lyset og «glans» frå guddomen, noko som strålar som gull – det «skin»! Og

her er det på tide å leggje hovudordet på plass att, som ei ramme med repetisjonar over diktet, slik Hauge har gjort det. Spørsmålet vert: kvifor har han gjort det, og kva gjer det med teksten?

Sjølv ordet «skin» er eit spanande ord, og slikt visste nok ordkunstnaren Hauge. Det kan lesast både som substantiv, som presens av verbet skina – og som imperativ! Det var desse tre ulike tydingane som fyrst opna vegen inn i diktet for meg og gjev det storleik og ein ny dimensjon. Eg er freista til å tru at dikteren i etterkant medvite har lagt denne skinande ramma av ord som eit slør og ei gåte over diktet, som noko lesaren sjølv må finna ut av. Repetisjonane og dei ulike tydingane av «skin» gjer diktet til eit flott dikt for meg, det har bokstaveleg tala eit guddommeleg lys spreidd over seg. Det skin!

Verv en ven!

Vi vil gjerne ha fleire medlemmer i Venelaget.
Medlemspengane i Venelaget Olav H. Hauge er
framleis berre 250 kroner for eit år.
Innbetaling til konto 3450 30 01960, Venelaget Olav H. Hauge
v/ kasserar Anders Opheim, Hjeltnesvegen 109, 5730 Ulvik.

NB: Skriv tydeleg namn og adresse på avsendaren!

Laget sparar ein god del pengar dersom medlemspengane
kjem inn utan at det vert sendt giro til kvar einskild medlem.

VERV EIN VEN!

Takk for hjelpa!



Diktaren heime på Rossvoll. (Foto: Odd E. Nerbø/Olav H. Hauge-senteret).

HER HAR EG BUTT

Her har eg butt meir enn ein mannsalder.
År med vind og stjerner i høg rigg
har siglt framum.

Tre og fuglar har slege seg til her,
men eg har ikkje roa meg.

Spør vinden (1971)

Diktet «Her har eg butt» tek utgangspunkt i eit biografisk faktum. Diktet kom ut i 1971, i *Spør vinden*. Då hadde Hauge budd i heimen sin, Rossvoll i Ulvik, sidan slutten av 1930-åra, altså nett vel ein mannsalder. Den 10 mål store eigedomen vart skilt ut frå fars-garden då eldste broren tok over garden, og Olav vart buande på Rossvoll saman med mor si og far sin til 1954, så lenge far hans levde. Deretter vart det 20 år åleine, og frå 1975 nesten 20 år til saman med Bodil Cap-pelen.

Olav H. Hauge levde eit stadbunde liv.

Han budde heile livet sitt i den vesle bygda, på same garden. Ikkje var han mykje ute og reiste heller – sjølv om det nok vart meir reising i åra saman med Bodil. Utgangs-punktet for svært mange av dikta hans er det lokale og heimlege. Likevel er vel han den norske lyrikaren som har nådd lengst ut i verda, omsett som han er til meir enn 25 språk.

Diktet over illustrerer kvifor. Det uttryk-kjer ei allmenn livskjensle - uavhengig av kvar ein bur i denne verda – kontrasten mellom det stadbundne, vesle mennesket på jorda, liten og åleine, og det store universet. Stjerner og vindar fer forbi høgt der oppe, her nede er han, bunden til jordelivet. I dei mange åra har fuglar bygt reir og tre slege rot, i pakt med naturens gang. Likevel, men-nesket under stjernene ber på ei kjensle av uro, ein lengt, attkjenneleg kvar det måtte vera.

TID Å HAUSTA INN

Desse milde soldagane i september.
Tid å hausta inn. Enno er det tuvor
med tytebær i skogen, njupone rodnar
langs steingardane, netene losnar,
og svarte klasar av bjønnbær skin i
kjerri,
trasti leitar etter dei siste vinbæri,
og kvefsen syg ut dei søte plomone.
I kveldingi set eg stigen burt og hengjer
laupen frå meg i skuret. Skrinne breदार
har alt ei tunn breidsle av nysnø.
Etter eg er lagd, høyrer eg
dunk av brislingfiskarane,
dei gjeng ut. All natti veit eg dei glid
med sterke ljuskastarar
og leitar yver fjorden.

Spør vinden (1971)

Ingen tvil om at dette er Ulvik! Men òg mange andre stader. Det er sol og ljøs dag, naturen er på sitt mest gåvmilde. Men vinteren har synt seg, og diktet endar i ein kontrast, natt og myrker. Eit nytt element kjem til, brislingfiskarane, dei kjem andre stader ifrå, slik dei gjorde om hausten - kanskje førde dei med seg ei kjensle av noko framandt, av uro, eit bod om ei lang vinternatt?

«Det er naturleg at det ein skriv får farge av kva ein ser og høyrer rundt seg. Ein som bur i by ser og høyrer andre ting. Ein lever ikkje i ei abstrakt verd.» (Åmås, *Mitt liv var draum*, s. 530) Dette sa den 83 år gamle Olav H. Hauge i 1991 til den då 32 år gamle Jon Fosse.

Olav H. Hauge hadde både eit godt auga for det han såg og eit godt øyra for det han høyrde rundt seg. Ein gong på 1950-talet fortalde far min han ei lita soge om oldefar sin, Ola Åmundsen Osa, fødd i året 1814. Olav gjekk heim og skreiv ned forteljinga, ho vart til diktet *Gjer ein annan mann ei beine*, eller *Osamannen*, som det gjerne er blitt heitande.

Olav H. Hauge brukar ikkje personnamn i dikta sine, og svært sjeldan stadnamn. Truleg er det nett for å gjera dikta mindre

direkte knytte til det lokale, meir universelle. Dette diktet handlar om to personar ein veit kven er, ingen av dei er nemnde med namn. Men han gjer eit unntak i form av to stadnamn, Osa og Øydvinstø. Osa ligg inst i den lange og smale Osafjorden, og var lenge veglaust. På dei andre tre sidene går det bratt opp til høge fjell, og til Hardangervidda. Langt ute i fjorden, i Øydvinstø, kunne ein koma seg til Ulvik til fots.

GJER EIN ANNAN MANN EI BEINE

Han kom or fjellet, skulde heim,
fekk føring ifrå Osa
ut til Øydvinstø.
Og han var raust
og baud betal.
Men Osamannen
var ikkje fal.
Eg vil betala;
eg kan ikkje nå deg
med ei beine att.
So gjer ein annan mann
ei beine då,
sa Osamannen,
og skauv ifrå.

Seint rodnar skog i juvet, 1956.

Med utgangspunkt i ei konkret, faktisk og historisk hending frå det lokale miljøet gir diktet uttrykk for ein universell etisk ståstad i samkvem mellom menneske, attkjenneleg overalt: Gjer mot din neste slik du ynskjer at nesten skal gjera mot deg. Noko av det som gjer diktet så slåande og vellukka, er at det sluttar med ei avgjerande handling som òg inneber at dei avsluttande orda til den handlande blir nett det, både avsluttande og avgjerande. Når Osamannen «skyv ifrå» viser han i handling at han meiner det han sa. Det er ikkje meir å snakka om. Eit fullkome samsvar mellom form og innhald.

Men om Ulvik i alle år var heimstaden hans, høyrde Olav H. Hauge òg gjennom heile livet sitt til i ein anna heim – bokheimen. Han seier sjølv i *Dagboka*: «Økland segjer eg lever i Ulvik, i dikti mine. Eg lever

no berre halvtveges der, andre heimen har vore litteraturen.» (*Dagbok V*, 12.4.89) Om det er mange avtrykk i dikta hans frå den konkrete verda han lever i – Ulvik og Hardanger – er det vel like mange frå den andre heimen hans – bokheimen.

Likevel, etter som tida går, er det mitt inntrykk at dei to heimane – den litterære og historiske på den eine sida og den konkrete og røynlige på den andre – vert stendig meir integrerte, glir meir og meir over i kvarandre og blir til ein heilskap.

VED KINAS DØR

De spør um eg kjenner Kina?

Ja, spør de, berre spør.

Eg som i årevis venta utanfor Kinas dør.

For døri ho var gul ho,
det var derifrå brødskiva kom.

Eg veit eg stend høgt i Kina.

Og skuffa var aldri tom.

Dropar i austavind (1966)

Eit gåtefullt, men òg humoristisk og ironisk dikt, som ein liksom aldri blir ferdig med, og som på ei underleg vis danar ei bru mellom dei to heimane, den konkrete og den abstrakte. Diktet kom i 1966 i samlinga *Dropar i austavind*, nett på den tida han vart «oppdaga» og promotert av den radikale og Kina-interesserte Profil-krinsen, med Jan Erik Vold i første rekkje. Det er naturleg å tru at det retoriske opningsspørsmålet i røynda er svar på spørsmål frå dei unge Profil-venene.

Men slik det er tilfelle med mange av dikta hans, tek også dette diktet utgangspunkt i eigne røynsler. Olav H. Hauge hadde fleire opphald på Valen psykiatriske sjukehus. Han kom i kontakt med ein annan røyndom. Den gule døra i matsalen der vart døra til Kina -.

Men Hauge hadde alt lenge vore interessert i kinesisk lyrikk som han hadde store kunnskapar om:

T'AO CH' IEN

Kjem T'ao Ch'ien
på vitjing ein dag, vil eg
syna han kirsebærtrei
og aplane mine,
eg vil helst han skal koma um våren
når dei stend i blom.

Etterpå skal me sitja i skuggen
med eit glas sider, kanskje
kan eg syna han
eit dikt – um eg finn eitt han likar.
Drakane som skyt over himmelen
med gift og røyk etter seg,
gleid stillare i hans tid,
og fleire fuglar kvitra.
Her er ingen ting han
ikkje vil forstå.

Meir enn fyrr har han
hug å draga seg attende
til ein slik hageflekk.

Men eg veit ikkje um han
gjer det med godt samvit.

Spør vinden (1971)

Diktet glir saumlaust, litterært, mellom dei fysiske heimstadane til ein kinesisk og ein norsk diktar med to kontinent og nesten 2000 år mellom seg. Men som innbuarar i bokheimen er dei samtidige!

Lu Chi, ei annan kinesar frå same tid, laga ein *vedunderleg* poetikk, seier Olav H. Hauge til Jan Erik Vold – sjølv lagar han diktet

LES LU CHI OG LAG EIT DIKT

Les Lu Chi og lag eit dikt.

Han segjer ikkje korleis det skal vera.

Mange hadde måla ei eik fyrr.

Likevel måla Munch ei eik.

Spør vinden (1971)

Hauge kjende lenge på at han ikkje fekk noka formell utdanning, ei kjensle som nok vart mindre med åra. Buset som han var i sin eigen bokheim, må han ha vore sin eigen beste lærar. I dette diktet frå 1980 uttrykkjer den mogne mannen tru på seg sjølv.

MANGE ÅRS RØYNSLE MED PIL OG BOGE

Det er den svarte prikken
midt i skiva du skal treffa,
nett den, der
skal pili stå og dirra!
Men nett der treffer du ikkje.
Du er nær, nærare,
nei, ikkje nær nok.
So lyt du gå og plukka upp pilene,
gå tilbake, prøva på nytt.
Den svarte prikken tergar deg.
Til du forstår pili
som stend der og dirrar:
Her er òg eit midtpunkt.

Janglestrå (1980)

Korleis trua på formell lærdom kom til å endra seg med åra, kjem fram av dei to fylgjande dikta, utkomne med 34 års mellomrom - *Til den lærde* frå fyrste diktsamlinga hans, *Glør i oska* frå 1946, og *Når det kjem til stykket* frå den siste samlinga, *Janglestrå* frå 1980.

TIL DEN LÆRDE

Du fekk sankt deg kunnskap
og fylgja din hug.
Eg var ein av dei mange
i den gråe mug.
Du fekk fylgja di lengsle
og sløkkja di lyst,
medan eg alltid hungra
og stødt var tyrst.
Eg stod att med eit stuttort
i ein finntopp-haug
med du sat under lærestolar
og visdom saug.
Di ånd er dana. Din tanke
er øvd og glup
og loddar lett alle
gåtedjup.

Glør i oska (1946)

NÅR DET KJEM TIL STYKKET

År ut og år inn har du site bøygd yver
bøkene,
du har samla deg meir kunnskap
enn du treng til ni liv.
Når det kjem til stykket, er det
so lite som skal til, og det vesle
har hjarta alltid visst.
I Egypt hadde guden for lærdom
hovud som ei ape.

Janglestrå (1980)

I 1975 hende noko avgjerande i Olav H. Hauges liv. Han var 67 år, og det kom ei kvinne i huset hans. Dei to, han og bilet-kunstnaren Bodil Cappelen, hadde brevbytt i nesten 5 år, før dei møtte kvarandre for første gong andlet til andlet, hausten 1974. I eit brev til Bodil 12. januar 1975 fortel han at han har laga eit dikt til henne, Teppet, «du fær sjå det når du kjem». Dette diktet finn vi i den siste diktsamlinga hans, *Janglestrå*. Diktsamlinga vart utgjeve i 1980 som ein del av *Dikt i samling*, men Teppet kom ikkje med i samlinga før i utgåva av *Dikt i samling* frå 2003. (Sjå Knut Olav Åmås *Mitt liv var draum* (Samlaget 2004) og Aasta Marie Bjørvand Bjørkøy *Eit dikt vert aldri ferdig* Vidarforlaget 2016).

Diktet kan lesast som ein syntese av det litterære og det jordiske tilværet til diktaren – diktet har allusjonar både til segnene og eventyra i 1001 natt og til det heimlege og kvardagslege. Diktet uttrykkjer slik på ein lyrisk måte harmoni, og ei meir aktiv forsoning med det fysiske tilværet enn det han til dømes gjev uttrykk for i det meir resignerte og jordnære *Kvardag* (*Dropar i austavind*, 1966) fleire år tidlegare.

TEPPET

Vev meg eit teppe, Bodil,
vev det av syner og draumar,
vev det av vind -
Slik at eg, som beduinen, kan
breia det ut når eg bed,
sveipa det um meg
når eg søv,
og kvar morgon ropa:
Bord duka er!
Vev det til
ei kappe
i kulden
til eit segl
på min båt!
- Ein dag skal eg setja meg på teppet
og sigla burt på det
til ei onnor verd.

Janglestrå (2003)

Olav H. Hauge døydde i 1994. Året etter vart det reist ein minnestein over han i Ulvik. Diktaren ynskte ingen bauta over seg sjølv, men heller eit minnesmerke knytt til diktverket. Han valde sjølv ut diktet *Ogmund rid heim* frå *Dropar i austavind* (1966).

Diktet hentar tema frå den litterære so-geheimen, og frå heimbygda. Hendinga er nemnd i saga om Håkon Håkonsson. Kring

1218 gjorde riddaren Ogmund på Spånheim i Ulvik ei handelsferd til Bjarmeland ved Kvitsjøen i Nord-Russland. Han før deretter sørøver, dei andre i fylgjet vart verande der og vart drepne av bjarmene. Ogmund reiste då vidare til Novgorod, så til Jorsal, før han før heim att.

Vassfjøro, det høgaste fjellet i Ulvik, kneisar stolt og storfelt bak bygda som ein vaktpost og eit karakteristisk landemerke, då som no. Vi, dagens menneske, kan sjå det same som han – riddaren frå 1200-talet. I diktet lèt diktaren oss låna riddarens augo. Og storfelt er diktet, der det slår ein mektig boge mellom fortid og notid – og framtid.

OGMUND RID HEIM

Du kunde godt venda heim.
Ingen jorsalfar hadde lenger veg.
Stengd av drivis i Kvitehavet.
Lange var elvane i Russland.
Med askespjot frå Spånheim
stod de ved Jeriko.
No rid du heim yver sletta i Ungarn.
Kveldssoli skin,
og vinden helsar frå nord.
Då ser du skautet på Vassfjøro.
Tårone dryp under hjelmen.

Dropar i austavind (1966)

MUSIKK OG KÅSERI

Tysdag 31. oktober inviterer Venelaget Olav H. Hauge til eit møte med to framstående kunstnarar i Voss bibliotek.

Vi får høyra, sjå og oppleva forfattar Einar Økland og spelemann Leif Rygg i samtale og spel.

ALLE ER VELKOMNE!

FRÅ «MØRKEMANN» TIL KULTFIGUR OG HUMORIST om entertaineren Olav H. Hauge



Steinar Bergh har skrivne denne artikkelen.

Eg trur det var Erling Læg Reid som uttrykte dette om Olav H. Hauge etter at Hauge var vorten kjend: «Ein diktar skal leva på brød og brennevin og vera ukjend til fleire år etter sjølv mordet.»

Noko av dette kunne nok passa på Hauge, og på fleire vis kunne verda ha gått glipp av heile forfattarskapen. Jan Erik Vold har fått mykje av æra for at lyrikaren frå Ulvik var

kjend. Ungdommane rundt «Profil» tok fatt i diktinga og mannen. Men Erling Læg Reid og Einar Økland var og til stor hjelp og tok Hauge med omkring. Det over er berre litt av sanninga om Hauge sin veg fram i Ljøset. Litterære kritikarar og professorar som Sigmund Skard og professor Johs. A. Dale hadde nok oppdaga gartnaren frå Ulvik. I byrjinga av 1970-åra trykte dei unge radikale Hauge til sitt bryst. Bilete frå ei samling unge radikale i 1972 syner stor stemning med Hauge lesande på talarstolen.

Her er linken slik at du kan sjå «live» frå festivalen i 1972: <https://www.youtube.com/watch?v=AudRKYSLeu4>

Hauge hausta stor applaus for sin lune humor på Haugesund-festivalen i 1972.

I Bergen møtte han og mange unge, og poeten kunne nok finnast sitjande på ein hybel med ei flaske øl i god prat med ungdommar. Hauge var på mange vis radikal. Han heldt Klassekampen og meinte det var den einaste avisa som kom med litande informasjon. Poeten var aktiv i kampen mot EF, Fellesmarknaden (EU) og laga Lesebok




Olav H. Hauge på Haugesundfestivalen i 1972. (Foto: Olav H. Hauge-senteret sitt arkiv).

imot i lag med nokre andre. Men han var på somme vis òg kulturkonservativ.

Eg studerte norsk kring 1976, og ein kveld var Hauge gjest i «Det norske Selskap». Der skal eg seia det var fullt den kvelden!

Seinare gjekk det meir slag i slag. Frå å vera ein smålåten mann som las dikt på ungdomsklubben på Betel i Ulvik, kom han ikring. Erling Læg Reid tok han mange gonger med, sjølv om Hauge i byrjinga var livredd å sitja på med Erling som nybakt sjåfør. Det fortalde Erling i eit festivalforedrag. Hauge var skuffa over Jæren, fordi det var akkurat slik han hadde lese om og førestilt seg. Det fortel litt om korleis han hadde lært å kjenna verda! Med Bodil kom han vidare omkring, både i inn- og utland! Og verda kom til Rossvoll; mange forfattarar, som til dømes Robert Bly, kom langvegs frå.

Sjølv om Hauge etter kvart vart vidgjeten og etterspurd, hadde han sansen for ungar og elevar både i Granvin og Ulvik. Fleire gonger tok eg som norsklærer kontakt med han, og me var på vitjing. Ein gong sende me han eit diktheft frå ein skuleklasse i Granvin. Her er svaret me fekk:



Teksten er: «For ei tid sidan, sende du meg ein bundel med dikt som 7-klasse i barneskulen i Granvin hadde laga. Eg har hug til å takka både borni og deg. Dei er verkeleg flinke. Granvin har hatt mange

meisterspelarar og skyttarar. Kanskje der kan verta gode diktarar òg, det skulde ikkje undra meg!»

Olav H. Hauge er nok vorten kjend som den mørke mannen. Gjennom sjukdom og liding skapte han dikt som har vorte kjende over store delar av verda. Om sjukdommen sa han at «berre gode dagar, skaper ikkje god dikting». Han ville ikkje vore sjukdommen forutan, for den gav han transcendentale opplevingar og syner inn i «ei onnor verd». «Medan Hamsun ble sykere og sykere, ble Hauge friskere og friskere», sa Jan Erik Vold i ein tale på Poesi-dagane i Ulvik. Hauge enda sine dagar med kone og eit normalt sosialt liv. Det er på tide å skriva om *Den tredje mannen*, den lune humoristen og entertainaren Olav H. Hauge.

DIKT MED HUMOR

I «Glør i oska» (1946) finn ein ikkje mykje humor. Men «Uppskoka» er ei humoristisk og fargerik skildring av karane som samlast for å testa ølet. Dei andre dikta er snarare høgtidlege enn triste, sjølv om dikt som «Seljefløyta» er såre. Dikta er tradisjonelle, og den meir høgtidlege tonen er vel helst slik dikta var på den tida, kanskje og at den unge Hauge sjølv såg på dikt som noko opphøgd? Den neste samlinga, «Under bergfallet» (1951) er mykje lik den fyrste, sjølv om der på slutten er eit par friare vers. Men diktet «Piggsvinet» har eit snev av lun humor. «Seint rodnar skog i djuvet» (1956) kan gje inntrykk av at der er fleire dikt med ein litt mindre høgtidleg tone, ja det må vel kunna kallast ein lett humor. «Gjer ein annan mann ei beine» er eit dikt med ein lun klang. «Sju vindar», eit dikt om EEC, er òg eit lettare dikt, eit forkledd politisk dikt med ein humoristisk undertone. Barnerimet «Røvafot» er også lett i tonen slik at det høver for born. «Krossen» og «Kråka» har òg humoren og den gode kjensla i seg. Du finn ikkje gapskratten i noko av det Hauge skriv. «På

ørnetuva» (1961) er skriven mot slutten av den vanskelege tida. Etterpå kom vårløysinga med frie vers og lettare sinn. Men i «På ørnetuva» er det ikkje mykje av den lette tonen. Kanskje «Kuppenn skrid i Squaw Valley» er det einaste dømet. Her er det nasjonalkjensla, distansen til skeisinga i barndommen, og mora som gjev den store opplevinga av Knut Johannessen sin 10 000-meter i Squaw Valley, Vinter-OL i 1960.

«Dropar i austavind» (1966) representerer på fleire vis eit skilje. Hauge er blitt modernist. Tittelen på diktsamlinga fekk folk til å tru at forfattaren vender seg mot austens filosofi og tenking, slik mange andre gjorde. Rett nok hadde Hauge skaffa seg kjennskap til kinesisk- og andre lands tenking, men han kunne med eit smil forklara at tittelen var meir jordnær og lokal: I Ulvik er det nemleg slik at når veret kjem frå aust, vert det berre dropar. Grunnen er Langfjella som stengjer for nedbøren som såleis fell ned på austsida av fjella. Kanskje det var typisk for perioden at lesarane og fagfolka tolka alt, men Hauge såg det større i det enkle og kvardagslege. I tillegg til å skriva frie vers, så har Hauge kvitta seg med dei vanskelegaste periodane og byrja eit meir harmonisk liv. Som nemnt tok ungdommen og dei seinare 68-talarane til å trykkja Hauge til sitt bryst. Samlinga inneheld fleire dikt som har ein lettare tone, mange har ein slags «after thought», eit kast som gjev ein humoristisk effekt. Diktet «Kvardag» har ein daglegdags og harmonisk tone. «Ved Kinas dør» er eit ironisk minne frå Valen. Kinas dør var namnet på matluka på Valen sjukehus. «Eg stend eg, seddu» er også eit minne frå Valen. Han skriv på ein litt lett måte om ein kjenning der. I «Skuleplassen» møter me og den lune Hauge-humoren i minnet frå skuletida, eit fint portrett i fargar! Sonetten «Ein greider meir enn ein trur» er kanskje det beste dømet på Olav H. Hauge sin humor, aldri gøpkratt, men smilet og det mo-


rosame kastet. Diktet om mannen som fann sauene i kveldsskodka. Dette møter han i stølsfjosen: «Der låg tri gimbrar greidt og – fire harar.» (Sonetten er ei svært gammal verseform. William Shakespeare skreiv sonettar rundt 1600; og Hauge heldt på forma og som modernist: 4+4+3+3 verselinjer.) «Katten», «Ljåen», «Sleggja» og «Sagi» er alle døme på det som Jan Erik Vold kalla for «nyenkle dikt». Dei har likevel ei djupare mening, sjølv om bygdefolk stundom sa: «Dette kunne eg ha skriva, og!»

Når eg les diktet «Vers», må eg som ulviking alltid tenkja på smeden som budde i nærleiken av Rossvoll. I tillegg hugsar eg at Olav hadde ein bror som var bonde og ein som var snikkar! Kanskje har han vore i eit godt lune eller ha vilja gje eit humoristisk spark til desse karane? Diktet om månen, «I dag såg eg», er og eit typisk Hauge-kast. Oppvaksen på Bergo og Bergahaugane, så har eg alltid delt Hauge si gode kjensle over ein god dag som han skriv om i «I dag kjende eg». «Bjørki» er skriva etter same leisten som «I dag kjende eg». Diktet har moroa Hauge å skriva. «Spør vinden» kom i 1971. Han held fram både med sonettar og moderne dikt. «Raka lauv» har ein lun slutt. «Den gamle diktaren har laga eit vers» og «I parkerpenen» er to korte, både humoristiske og harmoniske, vers. «Den mannen» er eit morosamt dikt av det slaget som Ibsen ville ha kalla «sjølvanatomerings» på sine gamle dagar. Kortdiktet «Nyåret 1970» er noko kryptisk, men eg hørde han sjølv sa ein gong: «Eg tenkte vel på EEC.» «Janglestrå» (1981) inneheld berre nokre få dikt. Janglestrå er eit stritt gras som veks i utslåtter og på natureng. «Ny duk» har optimisme og humor. Friardiktet til Bodil er eit eksistensielt dikt, men det har ei ro og ein harmoni over seg. Det same kan ein seia om «Svevn». «Når det kjem til stykket» er i same kategorien, avklara, harmonisk med eit morosamt kast til slutt.

Livet, diktinga og den sosiale utviklinga frå høgstemdheit, respekt og tungsinn til eit harmonisk tilvære i dikting og liv teiknar ein oppgåande graf for Olav H. Hauge. Den andre mannen dukkar sporadisk opp, men «gudene sendte ham en kvinne», og Olav H. Hauge «seig inn på ein våg han ikkje hadde visst um»!

HUMOR I DAGBØKENE

Dagbøkene kom som ei overrasking og vart utgjevne i 2000. Dei er på 3727 sider i fem bind. Det tok meg 9 månader å lesa gjennom dei i 2003. Dei viser daglegdagse hendingar, kva han las, kva filosofar og tenkjarar som opptok han. Det undrar meg at han hadde slik teft for litteratur og «bøker i tida». Mange av bøkene han skaffa seg, var slike som eg vart gjort kjend med gjennom filologistudiet i norsk, engelsk, tysk og fransk mange år seinare. Ei ny gjennomlesing av dagbøkene med tanke på Hauge sin humor, den lune smilen og det kastet som syner glimt av «sol og sommar», vil føra for langt. Men eg vil prøva å finna nokre stader, til ulike tider i livet, der den lune humoren og den godmodige kommentaren kjem fram. Dagbøkene avspeglar naturleg nok livet slik me veit Hauge levde og opplevde det. Lesing, tvil og undring i ungdommen. Kanskje er einsemda større enn for dei fleste. Han lever i ein slags «seljeflyttemodus» til tider, men har og nokre få verner. Han held seg mykje til bøkene og likar ikkje kroppsarbeid. Den verkeleg vanskelege tida byrjar i Leikanger, held fram med fleire innleggingar på Valen sjukehus og ein kamp fram til i 1960-åra. Han arbeider i hagen og litt på bygda, men les og skriv helst. Krisene oppstår kring utgjevingane av diktsamlingane. I denne perioden er det ikkje humoren som rår, men spenninga kring den nye samlinga. Men Hauge har humor i sine gode periodar, og som nemnt før, er det ikkje skratten, men meir eit slags lune mak-



simar som me kjenner frå Rochefoucauld. Hauge nemner Rochefoucauld fyrste gongen på side 600 i Band I, og seinare nokre andre stader i dagbøkene. Eg vil peika på nokre Hauge-humorar frå dagbøkene. Han har eit langt avbrot i dagbokskrivinga frå juli 1938 og til juni 1944, med unntak av eit notat 17/4 i 1939. Hauge arbeidde nok ein del i denne perioden, og kassane på Universitetet i Bergen inneheld upubliserte dikt. I kladdebøkene står og notat, mellom anna frå krigsutbrotet. (Sjå Skjerven og Bergo «Gammalt frå Ulvik» side 81 og utover!)

Den 9/4-45 kan ein lesa om freden: «Det høyrest ut som me hev fenge fridomen att. Det knattar og skyt alle stader rundt i bygdi. Ein merkeleg måte å høgtida freden på. Ein skulde tru dei hadde fenge nok skot og smellar no. Men det er då hugnad i å gjera som ein synest.»¹

I det lange notatet «Hausten 1952» skriv han mellom anna om SUT: «Dei har slik sut for denne sin kropp, denne hamen, dei vil so gjerne ha han med seg, endåtil i himmelen.»²

Han skriv om plommer og kvinnfolk: «Plomor som du handfer vert før hagne, men aldri so fine som dei som fær hanga i fred. Slik er det med kvinnfolk òg.»³

Under Juli 1953 siterer han Meister Eckhart: «... Ich sage, dass Gott alles vermag: aber das vermag er nicht, dem Menschen etwas zu versagen, der voll Demut und grosser Sehnsucht ist. Und wo ich Gott nicht zwingen kann, alles zu tun, was ich will,

dort fehlt mir entweder die Demut oder die rechte Begirde...»⁴

«Mange strevar hardt med å vera ein gjennomsnittstosk...»⁵

Det mørke bilete av Olav H. Hauge slår litt sprekker etter som ein les vidare i dagbøkene. Rett nok held humoren seg på eit roleg og nøkternt nivå, ofte i form av ein lun kommentar som liknar aforismen. Det er mange kvardagslege notat. Han lever i kvardagen med arbeid i eplehagen, les, skriv både brev, dikt og i dagboka. Han er stundom til doktor Folkedal, til Voss til tannlege og har stundom litt hovudverk etter besøk med litt sider, eller det kan vera dårleg eller krevjande lesnad.

Han siterer Eliot 29. januar 1960 om kva ein stor diktar er: ...«HUGS EIN TING! Ein stor diktar skriv ikkje bøker for at ein slaur skal kosa seg med dei.»...⁶

Hauge kan stundom vera sjølvvironisk som i Band II: 15-I-62. «Nanna Ebbing skriv i Haugesund Dagblad um meg. «Han kjender all verdens lyrikk», stend der. Ho har aldri vore her. Dei snakkar om å gjera ei fjør til fem høns!»⁷

17/9-63. Skriv han om jentene på Vestlandet. ...«Dei penaste gjentone finn du i Malaya og på Voss,» sa ein gammal sjømann, eg snakka med i sumar. Eg la i alle fall merke til at gjentone på Lillehammer ikkje var so pene som på Vestlandet.»⁸

28/12 – 64. Sluttar han notatet om at Lisbeth har vore på besøk med den sjølvvironiske kommentaren: «Sadisten – når han ikkje har andre å pina, piner han seg sjølv.»⁹

Ei veke seinare skriv han (2/1-1965): ...Mi ulukke er at eg har vore for mykje i slekt med vindhanen: eg snur meg for lett etter draget. Med tidi rustar eg vel fast.”...¹⁰ Litt sjølvironi att. Kanskje ein «Lisbeth-efekt»?

Det tredje bandet av dagbøkene tek til i juli 1966. Det er i slutten av den siste sjukdomsperioden. Han høyrer enno røyster,

men dei vil han vel, og han har kjempa seg gjennom og så vidt unngått innlegging. Hauge er rasjonell, også om «galskapen».

10. juli 1966 skriv han: «HOVUDSAK I KUNSTEN I DAG: Dei normale strævar på harde livet med å vera galne. Dei galne, dei verkelege, strævar so sant dei kan, med å verta normale.»¹¹

5. oktober 1967 skriv han ein slags sjølvvironisk kommentar om dagbokskrivninga si: «... Eg fører òg ei slags dagbok. Men det vert turr kost. Gjer ikkje so mykje, ingen kjem til å lesa henne. Ikkje eg sjølv heller. Eg og mest aldri lese noko av det eg har ravla ned fram igjennom åri. ...»¹²

Under datoen 18. nov. 1968 står det ein lang tekst. Truleg er det ikkje Hippokrates, lækjarkunstens gamle far som levde 460 – 370 f.Kr., sin typeteori Hauge har i tankane: «TYPEINDELING Folk. Troll. Tussingar. Huldrefolk. Mykje betre enn den nye psykologiske inndelingi.»¹³ Hauge var naturleg nok oppteken av psykologi for å skjønna seg sjølv og sin lagnad. Men han hadde ofte eit rasjonelt og humoristisk tilhøve til seg sjølv og andre folk. Han har nok ofte «smilt i skjegget» når han noterte desse små, lune kommentarane og ettertankane.

«Den tredje mannen» skrattar som tildlegare understreka, sjeldan, men han kunne bobla over «som ei siderflaske» som notatet 6/8 -69 viser: «I går kveld til kvelds hjå dr. Gjærder. Det er ein mykje kunnskapsrik mann. Me tala um mangt og mykje. Det var so fint utyver kvelden. Og i dag set eg kryss. Kva som hende, segjer eg ikkje. Men det var gildt! Eg kunde gråta av glede.»¹⁴ Dette er ei sterk, sunn og ekte glede. Kvifor han ikkje skriv det ned, når «ingen kjem til å lesa henne», kan ein undra seg litt på. Kanskje har han som mange meiner, alltid rekna med at dette skulle lesast ein gong?

Band IV tek til i 1972. Det er vår, og 18. mars 1972 er han meir oppteken av poteter («poter») enn roser. «... TIDI - KRAVET

«Kvi syngja um rosor? Syng um den demokratiske poteta, som held liv i folket!» Heine «Surtout, rime une version Sur le mal des pommes de terre!» Rimbaud». ¹⁵

Politisk engasjerer Olav H. Hauge seg mot EF/EEC. Eg har tidlegare nemnt Leseboka. Han deltek òg på møte, og etter folkerøystinga skriv han den 26.9.72:

«Dei skal telja upp. Eg tenkjer Ja-folki er sæle dei tapar.» ¹⁶

Dagen etter kjem ein ny kort kommentar: 27.9.:

«Høyrrer det gjekk bra med avrøystingi. Mange Ja-folk er sæle, - dei fleste var vel imot.» ¹⁷

Hauge vert rekna for å vera verdikonservativ samstundes som han las «Klassekampen». Men det er både humor og litt politikk i til dømes ein kommentar frå 1974: 25. oktober:

... «Eg bryr meg ikkje um kven som styrer i denne hønsegarden dei kallar Jordi.» Her har han og laga ei teikning. I midten står «Eit stakkars menneske». Rundt omkring er der mellom anna både ulike strålar og politiske parti. ¹⁸

Entertainaren Hauge kjem meir og meir til syne etter 1970. Det er slik han kjem omkring, treffer Bodil som seinare tek han med kring i landet og ut i den store verda. Han kjem både til Polen (1979), Finland (1983), England (1985), Holland, Belgia og Tyskland (1985), Roma (1987) og har jamvel planar om ein tur til Amerika. Det siste vert det ikkje noko av. Men i Band IV kan me lesa om mange opplesingar rundt omkring på mange stader og ulike samanhengar. Hauge er ein underhaldar.

Opplesing og kommentarar utgjer ein komplett og udeleleg samanheng ingen opplesar kan gjera etter! Hauge les med glimtet i auga og eit «Veit du!» Han er stadig på oppdrag. Ein kunne skriva mange sider om ulike stader og framføringar, men eg tek med eit par for å visa utviklinga.

2. mars 1975: «I går kveld hjå rektor Aamund Hjeltnes i Holmen. Han hadde samla elevane og lærarane heime hjå seg. Eg skulde lesa litt, som eg og gjorde. Fin plass, Holmen. Det forneme herrskapshuset etter Isdahl er sett i god stand og er bustad for rektoren på Hjeltnes. Hyggeleg kveld – og natt. ...» ¹⁹

29. januar 1976: «Lova å møta på eit seminar på Nordisk Institutt i Bergen. Veit ikkje kven som skal leida det enno. Skal lesa i Det Norske Selskap um kvelden.» ²⁰

Som bygdemann og norskstudent hadde eg fleire grunnar til å møta opp på forelesinga i stort auditorium. Her vart det trøngt om plassen. Studentane sat både i glaskarmane og på golvet. Hauge hadde vorte ein kjend og kjær «entertainar» både i førelesingssalen og i studentmiljøet!

Eit lite intermesso i opplesingane har me frå då den mest 70 år gamle poeten gifta seg med Bodil Cappelen: 27. januar 1978: «Til Voss til sorenskrivaren. Vart vigde av Nygaard kl 1 i dag. Vitne var Oddmund og Kårhild. Det var ikkje lang pina.» ²¹

11. juni 1982: «Til middag på Brakanes hotell. H.S.D. heldt stor fest i høvet at Hardangerfjord skal seljast til Fjordabåtane. Styret, med alle sjefar i selskapet, kom med båten frå Bergen. So fest på Brakanes og attende til Bergen i morgon. Eg las litt. Mykje godt folk samla, visst alle ordførarane i Hardanger var der.» ²²

19.7.83: «... – Er mannen vorten kjend og stor nok, er alt han sa og gjorde forvitneleg for ettertidi, kor smått det er.» ²³

16.11.86: «Fredag (14.11) reiste me til Osterøy. Bodil kørde. Frå Garnes tok me ferja til Haus. So til Lonevåg, der fru Berit Vatne Vik tok mot oss. Hjå henne og mannen, Jofred Vik, budde me. Um kvelden barnebokkveld i ungdomshuset. Bodil viste ljusbilete av teikningane i ABC-boki, og eg las rimi etter kvart. Folk såg ut til å lika seg. ...» ²⁴

27.5.90: «Sundag. Fredag 25. til Bergen.

Deltakarane på festspeli var innkvarterte på Hotel Norge, i alle fall dei som skulde vera med å heidra festspeldiktaren Kjell Askildsen. Sjølve høgtidi var um kvelden, på teateret, Småscena. Bjørg Vik, Tunström og eg skulde lesa. ...»²⁵

Det siste dagboknotatet skreiv han den 16. mai 1994. Frå det tek eg med ei linje som viser ei godmodig ro. Jan Erik Vold

og Tøger Nordbø har vore til middag etter vandring over fjellet: ... «Dei kom ca. kl. 6 mot kvelden og ringde frå Våle, og Bodil henta dei med bilen. Dei åt grundigt av saueribba for dei var svoltne.»²⁶

Ein glad Hauge sluttar dagbokskrivinga med: «Veret var strålende sol.---»²⁷

Steinar Bergo

¹ Band I. side 227.

² Band I. side 340.

³ Band I. side 336.

⁴ Band I. side 366.

⁵ Band I side 366.

⁶ Band II. side 77.

⁷ Band II. side 276.

⁸ Band II. side 458.

⁹ Band II. side 574. Hauge var nok forelska i ungjenta. Frå hennar side var det nok berre eit vennskap om litteratur. Då Hauge skjønna samanhengen, røynde det hardt på. «Ho vart dyr for meg den gjenta», skriv han ein stad.

¹⁰ Band II. side 574. Hauge har skrive om hanen på kyrkja. Han har og rusta fast fordi draget står mest frå ein kant

¹¹ Band III. side 18.

¹² Band III. side 179.

¹³ Band III side 348. Hippokrates delte inn i fire kategoriar: - den sangvinske, den koleriske, den flegmatiske og den melankolske. Men det er truleg Kretchmer eller Jung han tenkjer på.

¹⁴ Band III. side 468.

¹⁵ Band IV. side 21

¹⁶ Band IV. side 61

¹⁷ Band IV. side 61

¹⁸ Band IV. side 210

¹⁹ Band IV. side 251

²⁰ Band IV. side 289

²¹ Band IV. side 424

²² Band V. side 11

²³ Band V. side 103

²⁴ Band V. side 307

²⁵ Band V. side 473

²⁶ Band V. side 597

²⁷ Band V. side 597

‘It’s just music. It’s playing clean and looking for the pretty notes.’
(Jazzsaksofonisten Charlie Parker i eit intervju om eigen musikk)

OLAV H. HAUGE? I DAG?

Når eg blir spurd korleis eg ser på Hauge nå - så lenge etter eg først vart merksam på han og så lenge etter at han har vore død - då støkk eg til: Kan noko ha endra seg?

Den største endringa merka eg då han gjekk bort. Då sakna eg mannen sjølv langt meir enn diktinga hans. Men om eg ser attende på mennesket Hauge eg møtte, det vere seg i dikting som i samvær, ser eg berre det same i dag som då: Han var innhaldsrik når det galdt kunnskapar og tankar, og han var så open, at ein støtt oppdaga nye sider ved han. Han kunne nok verke litt klønete og upraktisk stundom, men han hadde ein vid horisont og hadde imponerande vurderingsevne og forstand i omgangen med sine mange kunnskapar. Om enn han hadde hatt kontakt med Geirr Tveitt og visste ein del om hardingfela, så var han ingen musikkentusiast. Just der hadde eg meir fartstid. Elles var han - suveren. To eigenskapar la eg tidleg merke til: Han kunne snakke som ein fantast og fritenkjar, på ein nærast ertelysten måte, men brått slå om til ein høgst akademisk aktsam og nyansert talestil og te seg som ein typisk nynorsk akademikar. Det kosta han ingenting å leggje ut og resonner professoralt, med referansar, atterhald og nyanseringar. Jamvel om han kunne smile lurt og avslutte med eit konkluderande «Jau!», så var det ingen tilsikta parodi frå hans side. Kanskje meir ei rolleutprøving. Eg tenkte då som nå, at det var ei lukke han ikkje i sin ungdoms skuleår var så behendig i faget matematikk at han kom seg vidare og tok artium. For då ville han truleg blitt nynorsk teolog eller filolog, som den tids bygdeskarpingar gjerne blei, dvs. ein traust klatrande sosial normberar.

Sjølv om eg visseleg har sett Hauge hugtung, har eg også sett kor brått han kunne

vakne og slå om. Her er det rett å bruke eit ord eg elles helst nyttar nedsetjande: Han var ein underhaldande person. Det synte seg også dei gongene vi hadde god og sterk drikke for oss. Han trong ikkje endre seg på grunn av det vi drakk. Han var den same. Aldri såg eg han påseilt. Og ikkje han meg heller.

Første gongen eg fekk fortalt at Hauge hadde vore psykisk forstyrra og innlagd på psykiatrisk sjukehus, var i 1962. Det var forlagssjefen i Noregs Boklag som la ut for meg om dette då eg var innkalla til kontoret hans for å hente eit refusert manuskript til ei diktbok. Eg kjende svært lite til Hauge på den tida og tenkte neppe på at Noregs Boklag var det forlaget som gav ut Hauges bøker. Forlagssjefen var ein jovial type som nærast hadde det keisamt på kontoret sitt. Han la ut om Hauge, som ein gong etter å ha fått eit manuskript attende, hadde kasta det i omnen. Slikt måtte ikkje eg gjere. Det var forresten den same konsulenten som hadde refusert Hauges manuskript som hadde refusert mitt. (Ein likningsfunksjonær i Hamar, som heitte Solumsmoen og som skreiv på bokmål.) Det blei ein lang prat. Mest om Hauge. Då eg skulle gå, gav forlagssjefen meg ei diktsamling Hauge nyss hadde gitt ut, På ørnetuva, med desse avskilsorda: «Men kan du skrive slike dikt, så gir vi dei ut!» Det er vel ikkje for sterkt sagt at ein slik lovnad verka som ein vaksine, både mot å skrive som Hauge og å gi ut bøker på hans forlag. Men eg las alt eg kunne kome over av Hauge etterpå og skaffa meg dei få bøkene han hadde gitt ut. Eit år seinare gav Cappelen forlag ut første diktsamlinga mi. Boka var langt frå den same eg hadde hatt til vurdering i Noregs Boklag året før, men konsulenten Solumsmoen prenta likevel refusjonen frå

fjoråret som bokmelding i avisa *Arbeiderbladet*. Om det var eit teikn på at han var ein mann som stod ved sine ord eller om det var eit handslag til ressursutnytting og nøysam resirkulering, veit eg ikkje. Først i september 1964, eit drygt år etter at eg hadde debutert, våga eg sende debutboka mi til Hauge. For eg var sterkt rørt av hans lagnad og kjende stor age for hans diktarrøyst. Men han skreiv straks attende og fortalde at den boka hadde han kjøpt då den kom ut, men det eksemplaret kunne han nå gi bort. Såleis var våre første indirekte «møte».

Mannen sjølv møtte eg for første gong i 1968, då han var i Oslo og blei feira av forlaget sitt som 60-åring. Dagen etter kom Hauge på vitjing i rekkehuset vårt på Grorud. Eg merka meg at forlaget hadde gløymt å ordne med hotellrom til han etter festen førre dag, men at han hadde fått lov å sove på forlagssjefens kontor. God ressursutnytting.

Åra mellom 1962 og 1968 var i mangt ei overgangstid for norsk litteratur. I 1965 kom Kulturfondet og innkjøpsordninga i gang. Fleire norske forlag fornya seg på personalsida. Det unglitterære tidsskriftet *Profil* drog til seg merksemd og nye talent. Norsk forfattarsentrum blei starta. Den norske Bokklubben finansierte ei mengd utgjevingar av norsk lyrikk og skipa og turnear med dagens lyrikarar. Heilt fram til dei siste åra i denne perioden hadde det vore langt mellom desse få som fleire år seinare blei kalla «modernistiske» skribentar - ikkje minst mellom dei av oss som skreiv denslags på nynorsk. Det var få litterære møtestader både i media og i nærmiljøa. Tidsskriftet *Profil* stod våren 1966 fram med ei ny redaksjonell linje, som kanskje var viktigare som kontaktstimulans for nye, einslege talent i startfasen, enn som leverandør av framifrå tekster.

Just denne perioden kom til å bli ei oppgangstid for Hauge. Nå fekk han eit nytt og større publikum. Han fekk nye kontaktar

med yngre litteratar såvel i academia som i poesien, og han blei etterspurd i nye samanhengar. I dag tenkjer eg, at noko som delvis forklarar hans spesielle framgang, var dette: Han byrja tidleg som diktar, få år etter diktskrivande jamaldringar som Jakob Sande og Rolf Jacobsen, men kom ikkje, slik desse to gjorde, «på banen» i 1930-åra. Hauge var ennå meir gammalvoren i si dikting. Han skreiv flinkt og alvorsamt om livets store spørsmål på eit alt då høgnorsk mål. Det var slik mange nynorskingar meinte det burde skrivast. Alt lenge hadde det vore sjølvsgagt at nynorsk dikting var bygdenasjonalistisk, etisk-romantisk og normal. Ikkje intim, ikkje lettleva, ikkje urban, ikkje sosialistisk orientert eller stilistisk avvikande. Hauge kunne godt tenkjast å ha blitt ein seriøs diktleverandør til den nynorske norskdomsrørsla. Han var på veg inn i ei slik rolle som bidragsytar i det vestlandske norskdomstidsskriftet *Forbygd og by* tidleg i krigsåra. Så blei altså Hauge psykiatrisk pasient, hospitalisert og nærast sosialt ufør. Då han i 1946 omsider lykkast debutere, var han «forseinka» både i høve til sin eigen alder og i høve til det som elles hadde skjedd i norsk litteratur. I 1946, det første attreisingsåret etter verdenskriegen, framstod Hauge korkje som ung og ny eller aktuell og spesiell. Slik var han i utakt. På eit vis skulle dette bli hans lukke om lag tjue år seinare. Då hadde det nemleg kome til fleire yngre lesarar og skribentar - frå ulike kantar! - som var underernærte på originale, frie vers som ikkje var jålete og ikkje var belærande. Vers som var kvardagsnære - og som var borne av ei truverdig røyst. Dette hadde Hauge då. Og var det noko Hauge var, så var det truverdig. Han hadde i årevis vore åleine med seg sjølv, og samstundes hadde han lese og studert og gjort seg kjend med kva som var blitt skrive og tenkt i andre land enn hans og til andre tider enn hans. Gjennom sjølvstudium var Hauge blitt ein stor kjennar av tradisjon og historie. Var det noko han ikkje var, så var det «etterdiktar».

Han hadde heller ingen posisjon som tilsa at han skulle fremje høge hugmål og denslags. Det gav han fridom til å skrive på sin måte, ut frå sin personlege posisjon - og det skapte lesarkontakt. Ein kunne sjå at dette siste gjorde han godt.


Det som kanskje har vore oversett, er at for den nynorske poesien generelt var dette ei kursending og ei såre tiltrengt fornying: Bort frå eit nasjonalidealistisk folkehøgskulealvor med triviell tilgjersle i talestilen til ein meir kvardags- og røyndomsnær poesi, både når det gjeld emne og når det gjeld tonefall. Frå høgstil og djupstil til - ? Ja, til noko anna.

Min ettertanke i dag er at Hauge - utan å ha oppsøkt ei slik rolle - kom til å bli innblanda i eit litterært opprør som publikum i dag gjerne oppfattar som eit litterært «ungdomsopprør» retta mot det etablerte synet på kva som var god eller dårleg litteratur i dei norske sekstiåra. Mot dei eldre maktthavarane og forvaltarane i presse, tidsskrift, forlag, etermedia osv. Men som både Hauge og dei såkalla «unge»

vel visste, det handla ikkje om alder. Noko anna, noko dei færraste i dag veit om, er at dei få unge som skreiv avvikande (i tydinga moderne) på nynorsk i denne perioden i tillegg hadde ein eigen estetisk-moralsk-ideologisk motpart i målrørsla. I konflikten med desse som forvalta nynorsk diktning, kom den eldre, uimotståelege Hauge til å bli ein brubyggjar og ein overgangsfigur. Ein kunne ikkje godta Hauge og samstundes avvise dei yngre, sjølvbedne nynorskdiktarane som skreiv frie dikt, rampete dikt, lettfattelege dikt, uleselege dikt. At Hauge var med og ikkje imot slike som oss, gjorde at fleire av oss verka meir truverdige og mindre skadelege. At «dette vil ergre de store, men enkelte små vil det more», trur eg også Hauge hadde sans for. Han skjønna at det var til beste både for poesien og målrørsla. Noko som også har synt seg. Det kunne lett gått svært annleis.

Einar Økland

Diktet «Eg hogg ned den store apalen utfor glaset» Eit monument yver våre dårskapar Av Olav Ljones



Olav H. Hauge under den store apalen utfor glaset. (Foto utlånt av Stein Olav Kolås).

Olav H. Hauge var elev på Hjeltnes Hagebruksskule i 1933, mellom anna saman med sambygdingane Oddvin Reisæter og Bjarne Ljones. Frå 1941 vart det gjeve ut 10 årlege utgåver av eit Hjeltnesskrift med ulike faglege artiklar. Oddvin Reisæter og Bjarne Ljones var med i redaksjonen for Hjeltnesskrifta i mange år. Det var og ein sikker tradisjon at redaksjonen tok kontakt med Olav H. Hauge for å få eit dikt som kunne trykkast i Hjeltnesskriftet. Ei samling av dikta som vart trykt i Hjeltnesskrifta er sett opp og finst på heimesida til Venelaget (venelagethauge.no) I Dag og Tid for 21. august 2008 har Jan Erik Vold ei omtale av utrykte Hauge-dikt som har med fleire dikt trykte i Hjeltnesskrifta.

I 1971-utgåva av Hjeltnesskriftet er det trykt to dikt, og det første diktet er det korte «Eg ser på ein gamal spegel» frå samlinga «Spør vinden» frå 1971.

Eg ser på ein gamal spegel

Framsida spegel.

Baksida eit bilete av Edens hage.

Eit underleg påfunn

av den gamle glasmeisteren.

Det er moegeleg Olav tykte at dette diktet var vel kort for å stå i Hjeltnesskriftet, så i ei ny sending til redaktøren (Bjarne Ljones) skriv han at han har leita fram noko som han skreiv for fleire år sidan om ein flaskapal som stod utanfor glaset her etter han Daoe Ljono som budde der Olav budde. Så skriv Olav: «Det er gamal røynsle at folk likar å lesa um noko som har med deira eige arbeid å gjera, eg trur Aristoteles alt var inne på det.»

Dette er diktet han kom med:

Eg hogg ned den store apalen utfor glaset

Eg hogg ned den store apalen utfor glaset. Han skygde for utsyni, det var eitt, det vart skumt i stova um sumaren, dessutan vilde ikkje Gartnarhallen ha Flaskeepelenger.

Eg tenkte på kva far min vilde ha sagt, han lika den apalen.

Men eg hogg han ned.

Det vart ljosare, eg kan sjå ut fjorden og elles fylgja betre med på fleire kantar, huset kom meir i berrsyni, viser meir att.

Eg vil ikkje vera ved det, men eg saknar apalen.

Her er ikkje som fyrr.

Han livde for vinden og gav god skugge, soli glytte gjennom greinene inn på bordet, og um nettene låg eg ofte og lydde til susen i lauvet.

Og dei Flaskeepeli, det finst ikkje betre eple utpå vårparten, dei har så fin krydda smak.

Det gjer ilt kvar
gong eg ser
stubben;
når han er
morken,
skal eg brjota han
upp,
og slå han sund
til ved.

Han som planta apalen

I brevet som
fylgde diktet då
Olav sende diktet

til Hjeltnesskriftet, skriv han at det var Daoe Ljono som hadde planta apalen. I Ulvik har ein nytta forma Daoe eller Daue for David. Denne forma er ikkje nytta i Bygdebok for Ulvik som er ei kjelde for å vita meir om Daoe Ljono.

No er det slik at huset på Rossvoll vart bygd av foreldra som bustad for dei og Olav, så ingen andre hadde budd i huset før dei.

Om Daoe Ljono finn ein litt i Bygdebok for Ulvik. Han var fødd i 1842 på bruk 2 Ljono med foreldra Daniel Larsson Ljono (1805–87) og Anna Maria Davidsdtr. Kvåle (1807–91). I to år hadde Daoe bruket han var fødd på (1867–1869). Daoe gifta seg med Marita Ivarsdotter Ljono, og dei overtok bruk 4 på Ljono, der Marita var fødd i 1869.

David var medlem av fattigkommisjonen 1873–1876 (Ulvik bygdebok, band 2, side 139). Marita og Daoe var barnlause. I bygdeboka står det så at dei i 1900 budde på Rossvoll som rentenistar. Apalen vart planta i 1905. (Sjå OHH Dagboka band V, 14.4.89).

I Dagboka står det og om at Daoe Ljono fekk bygsla Rossvollflaten av bestefar til Olav, Paodl Hakestad. Olav omtala Daoe som bygselmann i brev og i dagboka. Før og etter at Daoe budde på Rossvoll eigde han grunnen han budde på.

Det var i 1936 at Håkon og Katarina Hauge skilde ut tomt og bygde kårhus, og i 1916 at



"Eg tenkte på kva far min vilde ha sagt, han lika den apalen". (Foto: Odd E. Nerbø/Olav H. Hauge-senteret).

kjøpte Daoe Ljono tomte N Hakestad bnr. 22 Brakanes og han flytta stova han hadde på den bygsla tomte på Rossvoll i 1920 dit. I Bygdeboka band 2 er dette omtala på side 97.

OM APALEN – FLASKEEPLER

I dag er det nok ikkje mogeleg å finna flaskeepler i butikkane, men det var eit godt vintereple som kunne lagrast lenge utover vinteren. Det som Olav skriv i diktet om at det ikkje finst betre epler utpå vårparten er i godt samsvar med det som er skrivne i Norsk Pomologi (1939) av Olav Skard og Per Stedje. Her står det: «Dette er en svært gammel og vidt utbredt eplesort, som sannsynligvis stammer fra Holstein. Det er visstnok uråd å si heilt sikkert når sorten kom hit til landet. Den blei tatt opp i Münsters planteskole på Høvik i Lier i 1822. I forrige århundre var det en av de sortene som blei vanligst å dyrka og best likt hos oss. Nå ser det ut til at sorten går ut av bruk. Det blir planta lite nytt av den.»

Ellers skriv Skard og Stedje om flaskeepler at epla lett blæs ned i vind og at sorten er plaga med soppsjukdommen kreft. Sorten har knapt særleg stor verdi for handelsfrukt dyrking, skriv og Skard og Stedje.

I boka Norsk Frukt Historie, sett frå Hardanger av Finn Måge (2016) står det at sorten og har hatt namnet Nanteller (s. 251).

KVIFOR HOGG OLAV NED APALEN?

I diktet nemner Olav at Garnerhallen ikkje ville ha flaskeple, noko som er godt i samsvar med omtale i Norsk Pomologi, så tidleg som i 1939. I dagboka band II for 1. 3. 1965 skriv Olav at han «I dag har eg laga eit dikt um den gamle Flaskeapalen utfor glaset, som eg hogg ned for mange år sidan. Han var vel 60 år sidan, planta av bygslemannen hans beste, David Ljono, som budde her. Eg trega mykje på det. Og han far lika det ikkje. No vart det eit lite dikt. Som yver langeleiken eg gav Åmund Bu, det trega eg òg mykje på. So dikt er monument yver våre dårskapar.»

Eg er ikkje sikker på når Olav hogg ned apalen. I diktet står det at Olav ikkje trur faren ville ha lika at apalen vart hogd ned, medan det i Dagboka er skriva at faren ikkje lika at apalen vart hogd ned.

Det er kjent at Olav ikkje alltid var glad i Gartnarhallen. Jan Erik Vold skriv i boka si Under Hauges ord (1994) side 40 i kapittelet Verden og vinden 1972:

«Det nye med Hauges siste bok i forhold til de tidligere er at den så utvetydig finnes, med en helt annen selvfølghet enn før. Verden har meldt sin ankomst og det skjer altså ikke uten - ja politiske implikasjoner. Forhva er den umiddelbare «verden» i Hauges del av verden? Ja, der er bl.a. vassdragsregulering med uttørkede elver og nedsenkede innsjøer, reklame i posten, romferd i TV og epletre som hugges ned bl.a. fordi Gartnerhallen ikke lenger vil ha flaskeple – forsimpling, forsøpling og asfaltering åpenbar for alle og enhver: «Det er ikkje lenger berre soli

og Vårherre som ser kva som skjer/rundt på jordkula», som et dikt åpner».

Den same vinklinga kjem fram hos Åsmund Bjørnstad i hans artikkel i Tid å hausta inn, redigert av Bodil Cappelen og Ronny Spaans (2008).

«Sjolv eit av dei mest kjende og kjære dikta «Eg hogg ned den store apalen utanfor glaset» fell i kategorien klager over det tvtydige framsteget. Apalen måtte bøte med livet mellom anna fordi Garnerhallen vil ikkje ha Flaskeple lenger. Og saknet etter han er der.»

KVIFOR PASSA DIKTET OM APALEN GODT I HJELTNESSKRIFTET?

Då Olav sende det andre diktet til Hjeltnesskriftet i 1971, la han til i brevet at det første diktet om spegelen var vel stutt. So skriv Olav «Det er gamal røynsle at folk likar å lesa um noko som har med deira eige arbeid å gjera, eg trur Aristoteles alt var inne på det.»

Det er fleire visingar til Aristoteles og andre greske filosofar i Dagboka.

I boksamlinga til Olav Hauge er det fleire bøker av og om Aristoteles, mellom anna Poetikken (Om diktekunsten). Om ein les i Poetikken av Aristoteles vil ein sjå at i poesi og litteratur er imitering, noko lesaren har glede av, og for at lesaren skal skjønna forfattarens imitering er det naudsynt at lesaren har eiga røynsle. Dette kan vera i samsvar med Hauges ord om Aristoteles i brevet til redaksjonen i Hjeltnesskriftet. Hagebrukarane som les Hjeltnesskriftet, vil lika å lesa om den gamle apalen.

Kjelder

Aristoteles: Poetikken

Bygdebok for Ulvik, band 1 og 2. Ulvik herad 1987

Cappelen Bodil og Ronny Spaans (red) 2008: Tid å hausta inn 31 forfattere om Olav H. Hauge

Hauge, Olav H. (2000): Dagbok 1924. 1994, Band I–V. Det Norske Samlaget

Måge, Finn (2016): Norsk frukthistorie, Sett frå Hardanger. Skald

Stedje, Per og Olav Skard (1939): Norsk Pomologi Bind 1 Eple. Grøndahls og Søns forlag

Vold, Jan Erik (1994): Under Hauges ord. Det Norske Samlaget

SPELEMANNEN KNUT HAMRE: EG ER OLAV EVIG TAKKSAM



Kommandør Knut Hamre. (Foto: Sjur Tjelmeland).

Spelemannen Knut Hamre (65) i Granvin i Hardanger vart i februar utropa til Kommandør av St. Olavs Orden. Det er ei utmerking som heng svært høgt og blir berre tildelt dei som har gjort ein uvanleg stor innsats for land og folk.

Knut Hamre er ein av dei fremste folkemusikarane i landet. Han har spelt hardingfele nesten så lenge han kan hugsa. I dei siste godt og vel 30 åra har han hatt musikken som leveveg. Han har delteke på tallause arrangement og halde konsertar i både inn- og utland. Og ikkje minst: Han har undervist ungdom i hopetal i hardingfelespel. I årevis arbeide han i kulturskulen. Dei siste åra har han arbeidd mest for Ole Bull-akademiet på Voss og Høgskulen i Oslo.

I Granvin og næraste bygdene er det eit solid folkemusikkmiljø, grunnskulen samarbeider med musikkskulen.

- Korleis er det å bli kommandør av St. Olavs orden?
- Då eg først fekk vita om det, opplevde eg

det som eit sjokk, eg syntest det nærast var surrealistisk. Men etter kvart som eg har vent meg til tanken, er det ei stor glede for meg - og faget. Sjølv sagt er eg glad.

Knut Hamre er ein av dei som hadde Olav H. Hauge som nær ven og kjende han godt. Han tok ofte turen til nabobygda Ulvik og besøkte dikteren.

- Eg trefte han første gongen i spelemannslaget, eg spela, og Olav las dikt. Då var eg berre ein gutunge, men eg vart så fasinert av denne mannen og dikta hans. Eg vart hekta på dikta, som det heiter i dagens sjargong. Dei gjorde noko med meg. Etterpå gjekk eg på bokhandelen og kjøpte diktsamlinga hans.

Olav skreiv dikt om kvardagslege ting; at han kunne skriva så fint om spelemenn, det gjorde inntrykk på den unge Knut. Etter kvart vart dei betre kjende. Dei opptredde mange gonger i lag, Knut spela, og Olav las.

Knut besøkte dikteren mange gonger i heimen på Rossvoll, i ein periode radt ofte. Knut hjelpte han med mangt praktisk, sidan han òg er handverkar og kunne hjelpa til med å fiksa badet, skifta omnar og husavøla elles.

- Me prata masse, Olav prata mest. All visdommen og kunnskapen hans drog meg mot Rossvoll anten eg hadde anna ærend eller ikkje. Olav prata om verdslitteraturen, filosofi, kunstfaga og kvardagslege ting. Eg hadde ingen sjanse til å følgja han når han la ut om litteratur, men eg lytta ivrig. Alt han fortalde hadde enorm påverknad på meg, ikkje minst asiatiske litteratur og tanke. Han kjende godt til japansk og kinesisk litteratur. Eg lærde å verta glad i denne diktinga.
- Olav kunne og halda lange førelesingar om Wergeland, om *Mennesket*, *Skabelsen*

og *Messias*. Dette verket er det visst ikkje så mange som har lese. På ein fest i Gyldendal forlag vart det sagt at berre tre personar hadde lese det nøye; Henrik Wergeland, Olav H. Hauge og truleg einkvan i forlaget som gav ut boka.

Olav prata, Knut lytta. Han opplevde det som utruleg interessant og levande.

- Men det hende eg datt ut av og til, legg han til.
- Kva slags kar var Olav H. Hauge?
- Han var nok ein mangslungen og samansett mann. Han kunne skifta meining fort, i alle fall innan politikk, samfunnssyn og religion. Han vart lett tent når han hadde lese noko som greip han.
- Eg oppfatta han slik at han hørde til på den politiske venstresida, men han snakka ikkje så mykje om politiske parti; han var meir interessert i det ideologiske. Han var oppteken av det globale så vel som det lokale. Derimot var han lite oppteken av det nasjonale. Han hadde klart for seg at Norge er eit lite land i verda. Likevel, han gav meg eit godt råd: Det lokale held òg globalt.

Olav H. Hauge vart stundom oppfatta som ein original. Ein skal ikkje stikka under ein stol at det ikkje er uvanleg i små miljø, den som stikk seg ut og har andre interesser enn dei fleste, blir gjerne lett sedd på som ein raring. Ikkje alle i Ulvik tykte så vel om Hauge sine vers. Men det endra seg då poeten vart ein anerkjend og vel omtykt diktar landet rundt.

- Sa han noko om korleis han arbeidde med diktning?
- Nei, han prata lite om seg sjølv. Men han nemnde at noko hadde kome til han i ein fart, andre ting hadde han arbeidd med i årevis. Han kunne lett bli irritert dersom nokon spurde kva han meinte med den eller den setninga eller verset. Dikta skulle ikkje forklarast, dei skulle sjølv formidla budskapen.

- Finst det parallellar mellom Olav H. Hauge si diktning og din musikk?
- Han viste stor interesse for det eg dreiv med. Han ville formidla ei historie og tankar omkring den. Han skreiv, du kan godt seia han òg måla musikk i dikta sine. Det eg vil formidla er langt på veg det same. Når ordi sluttar, tek musikk og religion over, sa han. Olav var oppteken av religion.

Knut Hamre oppfatta at Olav H. Hauge hadde ei sterk tru på at det finst noko som er større enn mennesket, kall det ei kraft eller noko anna. Han var oppteken av buddhisme og Austens tenking. Men han var ikkje noko bedehusmenneske.

Han vart gjerne oppfatta som ein tenkjar og grublar. Men dikteren kunne og sleppa seg laus og fortelja soger, og han lo godt mang ein gong.

Ofte kvidde han seg til å entra ein scene framfor ei forsamling. Men når han var komen i gang, då var han i sitt ess. Knut fortel at han rett som det var opplevde at det lyste i augene hans når han las opp. Og då var han i godlag etterpå.

- Olav var god til å fortelja. Eg lærte mykje om filosofi og tankar frå andre kulturar, men og mangt om det heimlege og kvardagslege. Og ikkje minst om kva me har felles i ulike kunstnarlege uttrykk. Det har vore viktig for meg.
- Eg har prøvt å innprenta i elevane mine at me må sjå det lokale i ein større samanheng. Om folkemusikken kan det trygt seiast at det lokale i Hardanger, det er i bruk i heile verda. Det som held her heime, det er fullt ut godt nok, sa Olav. Det er ein viktig lærdom. Eg er Olav evig takksam for at han viste meg denne samanhengen. Det feia til sides all tvil om verdien av det eg held på med.
- Kva ville han formidla?
- Eg trur det er fleire ting. Det dreiar seg m.a. om å gje lesaren ei god oppleving, noko til ettertanke, noko å ha med seg

og tenkja meir på. Det som er utvikla i bygdene i lang tid har noko tidlaust over seg, noko me alltid har bruk for. Desse verdiane kan like godt utvikla seg i ei lita bygd som i storbyen.

- Var han interessert i musikk?
- Ja, sjølv om han sa at han var umusikalsk, han hadde eit forhold til musikk og brukte det. Men eg trur ikkje det var noko konkret meir enn hjå dei fleste andre.
- Generelt var han oppteken av heile kulturfeltet, særleg la han sin elsk på kunstnarlege uttrykk frå Austen, det skein gjennom.

Då Knut var i Tokyo for to år sidan, skulle han besøkja museet om Matsuo Basho, ein av dei store haiku-diktarene i Japan. Diverre måtte heile byen halda seg innandørs den dagen på grunn av ein syklon. Men at det er reist eit eige museum over diktaren, det seier noko om kor stor plass han har blant det japanske publikum.

Japanarane har òg auga og øyre for hardingfela og norsk folkemusikk. I Tokyo finst eit stort spelemannslag som byr på musikk av høg kvalitet. Dei går i djupna, sjølvsgagt har musikarane skaffa seg norske bunader. Knut har fleire gonger vore i Japan og undervist spelemennene der. Musikarane held eit høgt nivå, dei kjem til Vestlandet kvar sommar, dei er så flinke at dei godt kunne delteke på Landskappleiken.

Folkemusikken er og utbreidd i USA, men der er grunnlaget litt annleis, interessa har i høg grad rot i slektsrelasjonar og interesse for kulturen i «gamlelandet». Også i London og i Tyskland er det spelemannslag, men ingen stad utanlands går interessa slik i djupna som i Japan.

Utanlands er interessa for folkemusikken i høg grad knytt til det autentiske, i Norge føregår ei viss fornying og ein saktegåande endringsprosess.

Dikting og spel er ulike kunstuttrykk, men har fleire felles trekk. Dikt og musikk blir forma i ein skapingsprosess, som får si

kraft eller inspirasjon i frå fleire felt. Knut Hamre er sikker på at omgjevnadene spelar ei stor rolle i denne prosessen. Det dreiar seg om naturen folk opplever rundt seg, men også bygdemiljø og påverknaden menneska har på kvarandre.

Folkeleg kunst har gjerne eit sterkt stempel etter nasjonalromantikken, men det er og ein sterk påverknad frå kvardagslivet. Folkemusikken endrar seg meir sakte enn t.d. populærmusikken, som er ein sjanger som endrar seg fort. Folkemusikken er meir tidlaus, men ikkje statisk.

- Me har fått noko å dyrka og levera vidare, i ei historisk setting. Tenkjer me i ein større samanheng, har både utøvarar og alle i eit lokalsamfunn del i denne tradisjonen, eller la oss seia æra for at musikken lever, og ikkje minst glede over musikken.

Knut Hamre har spelt for tusenvis tilhøyrarar i inn- og utland og samarbeidd med musikarar utanlands. Med stadig nye kommunikasjonsmidlar når musikken ut i verda, i dag skal det berre eit par tastetrykk til, så er musikken tilgjengeleg på You Tube, i verda den vide.

- Er det ei god utvikling?
- Ja, det synest eg. For den som har noko på hjarta, er det viktig å nå ut til folk med budskapet, di fleire, di betre. Målet til ein musikar er å få fortalt til så mange som råd det ein brenn for. Når folk lyttar, då oppstår kommunikasjon, det er den beste oppleving ein musikar kan ha.

Den folkelege kulturen er høgst levande i Hardanger. Hardingane er nysgjerrige av natur, dei har i lange tider søkt ut i verda og henta nye impulsar. Og med turiststraumen er verda komen til Hardanger.

Knut Hamre har undervist ungdom i spelekunsten i godt og vel 30 år. Interessa held seg oppe, ungdomen er glad i det heimlege. Eit døme på det er at dei fleste er meir medvitne no enn før om å halda på dialekten sin, meir no enn for 15 år sidan.

Olav H. Hauge si dikting står sterkt både i Hardanger og i landet elles. Det er ikkje for ingenting at Det er den draumen vart kåra til det beste diktet gjennom tidene i fjor. Ikkje nok med det, diktet Kvardag var og med i finalen.

Det kjem stadig til nye forfattarar i Hardanger. Ruth Lillegraven frå Granvin er ein av dei gode skribentane som blir lagd merke til.

Olav H. Hauge henta stoffet til dei fleste dikta i det heimlege, i naturen, i eplehagen

og i lokalmiljøet. Men han var ingen heimfoding. Få andre i samtida hadde så store kunnskapar om kva som rørde seg i sinn og tanke til dei fremste tenkjarar uti den store verda.

Verda har og til fulle oppdaga Olav H. Hauge. Han er omsett til minst 24 språk, og det dukkar stadig opp nye omsetjingar. Han hadde nok rett i at det beste i det heimlege, det held kor som helst i verda.

Sjur Tjelmeland

DANS

Ferdig er kjømeister,
ferdig er prest,
golvet rudt,
kjenn bjelkane
knest.
Fele og krakk
og ei krå!
Upp kvar stakk
og lett
på tå!

Raude huvor
på krulla hår,
tattar, midjor,
faste lår –
svint på mjuke
vidjor
solane
går,
hei, de
gjentone mine!

Olav H. Hauge

OLAV H. HAUGE PÅ FACEBOOK



Norrønfilolog Jackson Crawford.

For dei av oss som er med på Fjesboka (Facebook), og som samstundes er interesserte i diktinga til Olav H. Hauge, kan me kvar dag få ei melding om eit nytt Hauge-dikt på ei side som kort og godt heiter Olav H. Hauge. Avsendaradressa er ikkje Ulvik eller ein annan stad i Noreg, men Universitetet i California, Berkeley. Sida kan skilta med over 22 000 «likarar». Mannen bak sida er Jackson Crawford, ein ung mann frå Colorado, og som gjerne står fram på foto i cowboy-hatt. Slikt gjer nokon kvar forviten, og eg tok kontakt med han for å få vita meir om kva som får ein amerikansk akademikar til å interessera seg for diktinga til Olav H. Hauge på originalspråket.

På sikker nynorsk fortel Crawford at han er norrøn filolog, med doktorgrad i skandinaviske språk frå Universitetet i Wisconsin. Han arbeidde ved Universitetet i California, Los Angeles (UCLA) 2011-14 og har hatt stilling ved Universitetet i California, Berkeley sidan 2015, der han underviser i norrønt og norsk. I august skal han fara heim og byrja i fastare stilling ved Universitetet i Colorado.

Crawford fortel at han oppdaga Olav H. Hauge i 2009 då han fyrst vart forelska i nynorsk. I august 2012 vart han administrator av Facebook-sida for Olav H. Hauge-dikta og har lagt ut eit dikt av han der kvar dagsidan. Crawford fortel vidare at han i 2013 fekk kontakt med Bodil Cappelen. Dei har seinare brevveksla og vorte gode vener.

Føremålet med Facebook-sida er å lata dikt spela ei rolle i dagleglivet. Crawford seier vidare: «Eg vonar at dei som fylgjer med sida, skal koma til å verta inspirerte av fleire av dikta til Hauge enn berre “Det er den draumen” og “Katten”.

Reaksjonane på Facebook-sida er vanlegvis gode, skriv Crawford. Folk “likar” dikta for det meste. «Men eg har høyrte også frå dei som meiner at eg mismøter dikta med å setja dei på Facebook, og dei som misliker at det er ein amerikanar i ein cowboy-hatt som sit bak arbeidet.» Det er også folk som trur at sida er administrert av nokon annan (gjerne ein familiemedlem eller nokon frå Hauge-senteret), og Crawford må difor av og til svara på nokre forvirra meldingar.

Den amerikanske Facebook-sida med Olav H. Hauge-dikt har vorte lagd merke til av NRK. NRK Hordaland har eit intervju med Crawford frå 2013, og det kan finnast på denne nettadressa: <https://www.nrk.no/hordaland/han-er-olav-h.-hauge-pa-facebook-1.11456994>.

Vidare var Jackson Crawford med i NRK-programmet «Dikt og forbannet løgn» frå august 2016.

Magne Velure

NOKRE ORD UM SIVLE

Olav H. Hauge skreiv denne teksten til Sivle-seminaret som vart halde på Voss 26.-28. oktober 1973.

Per Sivle var fødd 6. april 1857 i Flåm. Han var ein omstridd og folkekjær lyrikar, humorist, prosaist og avisredaktør. «Den fyrste songen» er eit av dei mest kjende dikta hans, og stadig ein vakker og rørende song.

Nokre ord um Sivle viser at Olav H. Hauge var ein framifrå prosaist, skarp i tanken, kunnskapsrik, og han førde eit nydeleg og presist språk. Skribenten held seg sjølv i bakgrunnen på smålåte vis, ikkje utypisk for Olav H. Hauge.

Artikkelen har òg stått i Dag og Tid i vår.

Norsk soge er tragisk. Uppgangstiderskifter med forfall; det er eit under at dette lange hengslute landet med so store motsetnader i livskår og folkelynde i det heile har hange saman. Boksoga vår er som den politiske, ho er tragisk. Det er vel ein samanheng her: Når åndskrafti tryt, veiknar viljen til sjølvstende.

Dei tvo siste hundreåri har me vore på oppveg, det har vore ei atterreisningstid, og me har hatt fyregangsmenn på mange umkverve.

På Stalheim stend ein stein til minne um ein av dei. Per Sivle. Namnet fester seg lett – det minner um vind og elvesus i fjellet. Han var diktar, lat meg heller segja skald; har nokon fortent det ordet, er det han.

Skriftene til Sivle tek ikkje stor plass i bokhylla, og det er ymist i bøkene som ikkje har so mykje å segja oss lenger, det kan vera agitasjonsdikt og harmlause forteljingar som gjorde nytte i si tid. Men det beste er tindrande friskt. Nokre forteljingar og sogor, ein slump dikt og ein roman – og me har Sivle. Ingen skal lasta han for at han ikkje gjorde meir, det er ikkje sidetalet det kjem an på.

Noko av det mest verdfulle er forteljingane og sogone, novellone, um me vil kalla dei so. Her tek han av sitt eige. Dei er mykje godt laga av slikt han hadde set og opplevt eller høyrte i heimbygdi.

(...)

Han vik ikkje attende for det nifse og uhyggjelege, det var ikkje berre mildskap

i bygdelivet, det stend kaldtokke av sogor som «Draugsmålet med Hinmannen» og «Lumhunden». Den barokke humoren er elles ekte vestlandsk; dei kalde ordi løyner ein sår botn. Han kan vera raust og festleg, som i «Slumpelukko».

Det er ikkje stemningar som sermerkjer forteljingane, men kjensle, naki nerve, serleg medkjensle med dei som lid urett. I sogone og stubbane er det forutan humoren det friske språket ein fester seg ved; so ramsalt norsk hadde ikkje fyrr vore skriven. Aasen, Vinje og Garborg skreiv nok folkeleg, men språket deira hadde mange litterære innslag. No hadde Sivle eit av dei beste bygdemåli i landet å byggja på; det var so fullt av hoggande gode ord og uttrykk som aldri hadde kome på prent fyrr. «(...) guten kom veggjande vidopen ned i vatnet», stend det i «Heimadøypt». Jau, der var nok å ta av, det har Bjørgaas og Bygd synt òg.

Like folkekjære som forteljingane har dikti hans vorte. Dei treng ikkje mykje uttyding, dei talar for seg sjølv. Dei fleste er laga til å segjast fram. Strofone er einfelte, grovhogne, fyndige, her kan vera geniale grep i stoffet, og stundom storlagde bilete, som i «Harald Hårfagre». Han er sjeldan abstrakt; ofte gjeng han ut ifrå ein konkret situasjon hjå Snorre, ritar personar og hending med få strek, og veit på ein meisterleg måte å få det til å høva på samtidi. Mange dikt er som sagt agitasjonsdikt, skrivne til vekkjing og maning i ei kamptid. Det vart laga ei mengd slike dikt her i landet

fyre og etter århundreskiftet, men Sivle er ein av dei få som makta å lyfta det politiske dikt til stor litteratur. I dei beste driv han nemleg ikkje agitasjon og indoktrinering, men politisering. Med døme frå saga, som han fører yver på aktuelle tilhøve, vil han få folk til å sjå og tenkja sjølv. Me synest gjerne det er mykje lurblåst og dunk på skjold i dikti, men det skulde so vera i den tidi.

Visst var Sivle nasjonalist, men ingen nasjonalromantikar. Målet var sjølvstende og sant folkestyre - dei fleste diktarane våre drog i hop i desse sakene. Dei forstod òg kva urett arbeidarar og småfolk leid, og hadde skildra dei elendige kâri dei levde i, eg tenkjer serleg på skildringar av Kielland, Lie, Garborg og Amalie Skram, men ingen av dei stelte seg so solidarisk med arbeidarane som Sivle. Han skyna at dei kunde ikkje venta nåde og hjelp frå makthavarane, dei laut slå seg saman og kjempa for sine krav. Eg veit ikkje kor grundig kjennskap han hadde til sosialistisk ideologi; at han kjende hovudtankane, er lett å sjå; elles var tilstanden slik i underklassen at folk med litt rettferdssans laut sjå uretten. Alt dette kjem

tydeleg fram i Streik, romanen han skreiv um sagbruksarbeidarane i ein austlandsby. Romanen er skjemd av tendens, stend det i litteraturhistorier eg har set i. Kanskje det. Det er greidd kva side forfattaren stend på i den konflikten det er fortalt um, um det skal vera noko lyte. Det er ei sterk og modig bok, på ein måte den fyrste freistnad på sosialistisk realisme i Noreg.

Garborg kom ein gong til å segja – det var med Sivle enno levde – at det var noko uheilt og stubbut yver diktingi hans. Det hadde han vel noko rett i, dei hadde vel venta meir av han. Likevel, me ser det er samla vilje i det han gjorde; han var ein merkesmann i samtidi og har vore ein varde for ettertidi. Diktinga hans har vidt spenn, endå so stutte og einfelte dei einskilde tingi er. Dei gripande personlege dikti syner at han var ein samansett og gåtefull karaktertype. Var han i grunnen skapt til stridsmann? Det skil seg um han ikkje heller var ein drøymar som tid og umstende tvinga inn i eit ettervendt livsmyenster. Men ingen sigrar utan offer.

Olav H. Hauge

EG SER YVER LJÅRNE FYRE SLÅTTEN

Brukke ljår
held seg blanke,
rustar ikkje, endå
eg ser dei òg forgjengst.
Kva er best, rusta ubrukt i ljåkassen,
eller slitast ut av bryne og steinut slått?

Olav H. Hauge

DIKTARHEIMEN



- *Kanskje kjem den aldrende dronning Ingrid på vitjing, og kanskje står det ein gut med smørblom og ryllik til henne i vegen? Foto: Spur Tjelmeland).*

Eg sit på bussen heim etter besøket på Aulestad. Ved sida av meg sit tippoldebarnet til den store russiske diktarar Leo Tolstoj. Diktarheimen i Gausdal har stått til nedfalls i nesten hundre år, men no lyser han som ein smaragd over bygda. Staten har teke av oljepengane og snudd kvar planke, trekt ut kvar spikar, vaska kvar kopp og funne fram til attenhundreårssjela i huset. Dikta og romanane er dei same, og dei jordiske leivningane etter diktarar kan vi sjå og ta på her. Det kan halda liv i eit liv som er over, i eit forfattarskap som var med å byggja Noreg. Heile bygda er på beina, det er flagg og hornmusikk, lefser og lapskaus på tunet. Dei små står på låvebrua og les dikt, ein aldrende skodespelar tener pengar på å vera den oppstandne diktarar. Dronninga smiler eit skeivt smil og snakkar kongespråket. Ei lita jente kjem til henne med blomar frå slekta, ei venleg helsing frå blodet. Bjørnson var både poet og posør, han var ein meistar til å byggja statuar av seg sjølv. Då liket hans landa i Kristiania i 1910, var sytti tusen nye nordmenn samla i dei tronge gatene. Russarane veit og å heidra

sine diktarar. Dei er limet i landet, dei bind folket saman i gode, men mest i vonde tider. Min ferske bussven Vladimir, direktør for Leo Tolstojmuseet i Tula, spør meg om eg trur me har diktarar i dag som fortener ein diktarheim om hundre år. Eg tenkjer på Karl Ove Knausgård, men nemner det gudskjelov ikkje. Eg fortel han heller om eit lite hus i Hardanger som står tomt etter ein stor diktar frå forrige århundre. Det står der og kan ikkje anna. Men om hundre år trur eg ikkje det er gløymt. Kanskje heile bygda er på solane i 2094 for å minnast den underlege gartnaren. Kanskje er det sein bløming den våren som i år, kanskje er flagga enno norske, kanskje ror det ein osamann over fjorden? Eller kjem det ein høydott susande nedover mot Hakestad? Kanskje kjem den aldrende dronning Ingrid på vitjing, og kanskje står det ein gut med smørblom og ryllik til henne i vegen? Enno står stabbesteinane støtt i Myrkesvingen og hegnar om ein havreken drøymar.

Torbjørn Ljones

BITAR FRÅ DAGBOKA

20. mai 1982

Berre å lyda etter si eigi røyst, sine eigne krav, sine eigne kjenslor, er vågalt for ein diktar. Han kan verta halden for å vera ein raring, ein einbue.

Krig. Falklandsøyane. Kven set i gang slikt? Ein handfull politikarar. Som kynisk ofrar unge liv for sine formål. Dersom desse menn var pliktige til å våga liv, vilde dei kanskje tenkt seg betre um. Soleis var dei gamle kongane ærlegare, dei gjekk sjølve fyrst i striden. Me målar huset. Det er eit stræv med lange stigar (fekk forresten låna stålstigar som kan skøytast av Lars Opheim, målaren), skraping, kitting og måling. Me har ein ung mann til hjelp, elles gjer Bodil sitt, og eg mitt.

Det er ikkje so lang tid ein er her i verdi, men ein lagar seg til som ein skulde ha von um å leva evigt. I det stykket er snigelen komen lenger.

Menneskets frihet heiter ei bok Anfinn Stigen gav oss i vår. Eg lyt læ, det må vera lenge sidan folk var frie her i landet. Frie er ingen som skal bu i eit samfund. Fridom, det må vera ein draum. Filosofen er den minst frie av alle, han er træl under umgrepi attåt.

Det er når du er mest nedtyngd med pliktarbeid, at du fær størst hug å dikta og skriva.

Det er vår. Og blomane og vokstrane tyt fram. Diverre vaknar ikkje dei latinske namni like sjølv sagt i minnet. Eg vert gamal.

Skjegg og hår stritast på Canetti. Det lyt det gjera, han som ikkje eingong vil bøygja seg for døden.

Dei fleste filosofar likjest frostmælaren. Bladet sitt kjenner han. Kjem han til kanten, stend han og veivar med framparten i lause lufti.

Den unge soldaten som lyt lata livet på dei forblåste øyane ned i Sør-Atlanteren, hadde òg rett å leva.

Nerval trudde han ætta frå Nerva. Berre for det heldt eg han for diktar, segjer Canetti. Eg har lese mykje teori, utan å læra noko, vonar eg, og vonar eg har kasta han av meg som gåsi vatn.

21. juni 1982

Engelsk radio har mykje om Falklandsøyane i desse dagar. Det var takkegudstenester i engelske kyrkjor i går, der dei takka Gud for sigeren og minntest dei døde. I Port Stanley var òg ei høgtid i kyrkja. Stakkars Gud, han lyt ta imot mykje takk for mangt han har hjelpt til med. Jødane takkar den same guden for sine framgangar i Libanon.


Våpenfabrikkane i Stor-Brittannia har skipa til ein utstilling av nye våpen, dei vart til dels brukte i krigen mot Argentina, dette for utanlandske kjøparar. Det var ikkje under at folk demonstrerte utanfor mot slik kynisk reklame. Det finst siviliserte folk til, enno i alle fall.

Same tråe veret. Sol kvar dag, men kaldt um nætene. På nord. Det vert turt.

Tek meg ei tukte med Aasen. Ikkje fullgod verseyggjing hjå han heller; det ser ut til at han med såg fritt på umkasta ordstilling.

8. juli 1982

Hjelpt Oddmund med å brugga. Han held til her med den prosessen, for det er ein lang og mødesam prosess, når ein skal gjera det på den gamle måten. Og det gjer han. Far lærde å brugga av Paadl, besten min, med hjelp av Olav morbror, som var meisterbruggar her på Hakastad so lenge han levde. Oddmund lærde av Olav morbror, det gjorde Paal òg. –



Returadresse: Magne Velure, Anders Sandvigs gate 31, 2609 Lillehammer



Styret i Venelaget Olav H. Hauge 2016–2018

- Leiar: Olav Ljones
- Styremedlem: Magne Velure
- Styremedlem: Marit Hafting
- Styremedlem: Sjur Tjelmeland
- Styremedlem: Astrid Kløve-Graue
- Varamedlem: Grete Skarpeid
- Varamedlem: Torbjørg Austrud
- Kasserar: Anders Kristoffer Oppheim

Kontakt oss på desse adressene:

E-post: post@venelagethauge.no eller ola-lj@online.no

Medlemspengar, kr. 250 betaler du til konto 3450 30 01960

v/kasserar Anders Kristoffer Oppheim. Hugs avsendarnamn!

Redaktør for medlemsheftet:
Sjur Tjelmeland

